

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 118/2003

av 26. september 2003

om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 91/2003 av 11. juli 2003⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsdirektiv 2003/29/EF av 7. april 2003 om fjerde tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 96/49/EF om tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om jarnbanetransport av farleg gods⁽²⁾, skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XIII nr. 42b (rådsdirektiv 96/49/EF) i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32003 L 0029:** Kommisjonsdirektiv 2003/29/EF av 7. april 2003 (TEU L 90 av 8.4.2003, s. 47).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2003/29/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 27. september 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

⁽¹⁾ TEU L 272 av 23.10.2003, s. 27, og EØS-tillegget til TEU nr. 54 av 23.10.2003, s. 6.

⁽²⁾ TEU L 90 av 8.4.2003, s. 47.

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfjerda i Brussel, 26. september 2003.

*For EØS-komiteen
Formann*

Prins Nikolaus von Liechtenstein

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann